

Alkoholpolitiske retningsliner for Askvoll kommune

2024 - 2028

Vedteke 19.06.2024

Innhald

1. Innleiing	2
2. Heimele	2
3. Definisjonar	2
4. Ansvar og delegering	3
4.1 Delegering til Formannskapet	3
4.2 Delegering til Kommunedirektøren	3
4.3 Klage på vedtak	3
5. Løyveperiode	4
6. Vilkår for sals- og skjenkeløyve	4
6.1 Tidsrom for sal og utlevering av alkoholhaldig drikk	4
6.2 Vilkår for salsløyve	4
6.3 Tidsrom for skjenking av alkoholhaldig drikk	4
6.3.1 Opningstider	4
6.3.2 Skjenketider	4
6.3.3 Konsumering	5
6.4 Uteservering	5
6.5 Avgrensingar ved handsaming av skjenkesøknader	5
6.6 Vilkår ved einskildløyve og ambulerande løyve	5
6.6.1 Einskild løyve:	5
7.1 Overtredings- og inndragingsperiode	6
7.2 Særlege omstende	6
7.3 Kommunen sine rutinar ved overtredelsar	6

1. Innleiing

[Alkoholova § 1-7 d](#) pålegg kommunane å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan.

Askvoll kommune sin alkoholpolitikk byggjer i løyveperioden 2024 – 2028 på alkoholova sitt formål om å avgrense skader forårsaka av alkoholbruk, og redusere forbruk av alkohol.

Retningslinene skal

- vere styrande for alkoholpolitikken i kommunen i perioden, og eit viktig verkemiddel for i størst mogleg utstrekking å avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebere.
- vere med på å gje rammer for trygge og positive opplevingar rundt stader der det er naturleg å selge og servere alkohol.
- særleg bidra til å skjerme barn og unge mot alkoholmisbruk.
- sikre at næringa får føreseielege rammevilkår.
- vere balansert mellom alkoholova sitt formål om å avgrense alkoholbruken, og næringa sitt behov for føreseielege rammevilkår.
- vere eit viktig verkemiddel i arbeidet med å skape bevisste haldningar til rusmidlar hos innbyggjarane i kommunen.

2. Heimel

Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. ([alkoholloven](#)), LOV-1989-06-02-27 med endringar.

Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv. ([alkoholforskriften](#)), FOR-2005-06-08-538 med endringar.

Lov om serveringsvirksomhet ([serveringsloven](#)), LOV-1997-06-13-55 med endringar.

3. Definisjonar

Alkoholfri drikk:	Drikk som inneheld under 0,7 volumprosent alkohol
Alkoholsvak drikk:	Drikk som inneheld frå og med 0,7 til og med 2,5 volumprosent alkohol
Alkoholholdig drikk gruppe 1:	Drikk som inneheld over 2,5 og høgst 4,7 volumprosent alkohol
Alkoholholdig drikk gruppe 2:	Drikk som inneheld over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol
Alkoholholdig drikk gruppe 3:	Drikk som inneheld frå og med 22 til og med 60 volumprosent alkohol

4. Ansvar og delegering

Retningslinene vert godkjent i Askvoll kommunestyre, etter tilråding frå komité for helse og omsorg, som skal gje uttale til løyvesaker etter alkohollova.

4.1 Delegering til Formannskapet

Kommunestyret delegerer til formannskapet å gjere hastevedtak etter [§ 11-8](#) i kommunelova ved særskilde høve. Når denne hasteparagrafen vert nytta skal vedtaket rapporterast ved første påfølgande møte i kommestyret.

4.2 Delegering til Kommunedirektøren

Kommunestyret delegerer følgjande til kommunedirektøren:

- Gje løyve til skjenking i slutta lag (ambulerande løyve).
- Gje løyve til sal og skjenking ved einskildhøve, og fullmakt til å avgjere om ansvarleg for større arrangementet skal ha teke kunnskapsprøven for skjenkeløyve. Før løyve kan gjevast skal det ligge føre vandelskontroll av styrar og avløysar, jfr. [alkohollova §1-7c](#).
- Gje løyve til å flytte eit fast løyve til anna lokalitet i samband med einskildarrangement.
- Gje utvida eller innskrenka opning- og skjenketider ved ambulerande og einskildhøve, likevel innanfor gjeldande lovverk og forskrift.
- Godkjenne utvida eller innskrenka skjenkeareal ved ambulerande og einskildhøve.
- Godkjenne endring av styrar og avløysar for alment kommunalt løyve.
- Fastsetje og krevje inn det årlege gebyret kommunen kan krevje av dei som har kommunalt sals- eller skjenkeløyve, jfr. [alkoholforskrifta § 6-2](#).
- Ved særlege høve vurdere og godkjenne redusert løyvegebyr for frivillige lag og organisasjonar.
- Engasjere kontrollørar som skal kontrollere sals- og skjenkestadene slik alkohollova føreset.
- Gjennomføre reaksjonar og gjere einskildvedtak ved brot på lov og forskrifter.
- Kommunedirektøren rapporterer vedtekne reaksjonar til komité for helse og omsorg fortløpande.

4.3 Klage på vedtak

Statsforvaltaren er klageinstans på enkeltvedtak etter alkohollova §1-8 og kapittel 3, 4 og 7.

5.Løyveperiode

I samsvar med [alkohollova §1-6](#), vert eksisterande faste sals- og skjenkeløyve i Askvoll vidareført i 4 nye år utan krav om ny søknad, og vert gjeldande i lengste tid til 30. september 2028. Dette gjeld også for utsalet til Vinmonopolet.

Kommunedirektøren (Administrasjonen) innhentar opplysningar om kvar einskild skjenke- og salsplass, med kart over skjenkeområde og oversikt over styrar og stedfortredar slik at ein får oppdatere register og gjere nødvendige kontrollar av desse løyva.

Nye løyve som vert søkt om i kommunestyreperioden vert gjort gjeldande i 4 år og med opphøyr seinast 30. september 2028. Etter neste kommuneval må kommunestyret igjen ta stilling til ei eventuell forlenging av løyva i inntil 4 nye år utan krav om ny søknad.

Alle sals- og skjenkeløyve har same sals- og skjenketidspunkt som står i alkoholpolitiske retningsliner for Askvoll kommune.

6.Vilkår for sals- og skjenkeløyve

6.1 Tidsrom for sal og utlevering av alkoholhaldig drikk

- Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 kan skje frå kl 08.00 til kl 20.00 på kvardagar.
- På dagar før søndagar og helgedagar skal sal og utlevering opphøyre kl 18.00, unntatt dagen før
- Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 skal ikkje skje på søndagar og helgedagar, 1. og 17. mai.

6.2 Vilkår for salsløyve

- Salsløyve kan tildelast daglegvareforretningar og andre spesialutsal.
- Vesentleg karakterendring av salsstaden i løyveperioden føreset ny løyvesøknad straks.

6.3 Tidsrom for skjenking av alkoholhaldig drikk

6.3.1 Opningstider

- Serverings- og skjenkestadene i Askvoll kommune skal halde stengt mellom kl 02.30 og kl 06.00.

6.3.2 Skjenketider

- Skjenketida for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 er frå kl 09.00 til kl 02.00. Skjenketida for alkoholhaldig drikk i gruppe 3 er frå kl 13.00 til kl 01.00.

6.3.3 Konsumering

All konsumering av alkoholhaldig drikk skal seinast vere avslutta 30 minutt etter skjenketids slutt for dei respektive alkoholgrupper. Dette gjeld både uteservering og inneservering.

6.4 Uteservering

- Skjenkeløyve kan gjevast for uteareal som er ein naturleg forlenga del av ein godkjent skjenkestad.
- Dersom skjenkestaden ikkje eig grunnen for omsøkt uteservering, må det føreligge godkjent leigeavtale med grunneigar før løyve kan gjevast.
- Skjenkeareal på uteservering må vere klart avgrensa mot areal som ikkje er skjenkeareal.

6.5 Avgrensingar ved handsaming av skjenkesøknader

Det kan skjenkast alkohol i kombinerte anlegg for skule og andre føremål, men det er eit vilkår at anlegget ikkje vert nytta til skuleføremål når eventuell skjenking skal føregå.

Det skal som hovudregel ikkje gjevast skjenkeløyve på stader berekna kun for barn og ungdom, til dømes ungdomsklubbar og liknande.

6.6 Vilkår ved einskildløyve og ambulerande løyve

6.6.1 Einskild løyve:

Det kan gjevast einskildløyve til arrangement jfr. [Alkoholova §1-6](#).

Den ansvarlege (skjenkestyrar) for einskildløyve for større arrangement som td. Skjærgårdstreffet, Krabbefestivalen m.v., må ha teke kunnskapsprøven for skjenkeløyve. Arrangør av større einskildarrangement må ha tett dialog med politiet omkring sikring av området, kontroll, generelle ro- og ordensbestemmelsar og trafikale omsyn. Pålegg frå politiet skal her følgjast.

Gebyr for einskildløyve er likt som for ambulerande løyve, jf. [Alkoholforskrifta §6-2](#)

6.6.2 Ambulerande løyve

Det kan gjevast ambulerande løyve til slutta lag (døme på slutta lag er bryllaup, åremål, jubileum, firmafestar og liknande). Jfr. [Alkoholova § 4-5](#)
Arrangement som vert haldne av lag og foreiningar er ikkje å rekne som slutta lag.

7. Inndraging av sals- og skjenkeløyve

Innføring av ordninga med prikktildeling vart vedteke i forskrift FOR-2015-10-26-1225, gjeldande frå 01.01.2016.

Reglar om prikktildeling og inndraging gjeld der kontroll gjennomført i samsvar med alkoholforskrifta, eller rapport frå andre myndigheiter, avdekkar at innehavar av kommunalt sals- eller skjenkeløyve ikkje har

- oppfylt sine plikter etter alkohollova
- oppfylt sine plikter etter reglar gjeve i medhald av alkohollova
- oppfylt sine plikter etter reglar i lov eller i medhald i lov som har samanheng med alkohollova sitt formål
- oppfylt sine plikter som følgjer av vilkår i løyvevedtaket

7.1 Overtredings- og inndragingsperiode

Dersom løyvehavar i løpet av ein periode på to år er tildelt til saman 12 prikkar, skal kommunestyret inndra løyvet for eit tidsrom på ei veke. Dersom det i løpet av toårsperioden vert tildelt fleire enn 12 prikkar, skal kommunestyret auke lengda på inndraginga tilsvarande.

Ved berekning av toårsperioden skal tidspunkta for overtredelse leggest til grunn.

Toårsperioden gjeld uavhengig av om løyvet er fornya i løpet av perioden. Ved overdraging starter ny periode ved overdragingstidspunktet.

7.2 Særlege omstende

- Dersom det ligg føre heilt spesielle og sær sars formildande omstende, kan kommunen tildele færre prikkar for ein overtredelse enn kva som fyl av [alkoholforskrifta kap 10](#).
- Dersom det ligg føre særleg skjerpande omstende, kan kommunen tildele fleire prikkar for ein overtredelse enn kva som fyl av forskrifta, og kan ved sær sars skjerpande omstende også auke lengda på inndraginga utover det som nemnt i forskrifta. I dei alvorlegaste tilfelle kan løyvet inndragast for resten av løyveperioden.
- Dersom ovannemnde omstende vert lagt vekt på, skal dette begrunnast særskilt i vedtaket.

7.3 Kommunen sine rutinar ved overtredelsar

- Der det ligg føre grunnlag for prikktildeling, skal kommunen sende ut førehandsvarsel om tildeling av prikkar, jfr. [Forvaltningslova § 16](#).
- Løyvehavar har moglegheit til å gi uttale. Uttale frå løyvehavar skal ligge føre i alle instansar der sanksjonsreaksjonar skal handsamast, jfr. Forvaltningslova §§ 16, 17 og 19.
- Vedtak om inndraging vert gjort av kommunestyret etter tilråding frå komité for helse og omsorg.
- Kommunen bør iverksette vedtak om inndraging innan fire veker etter vedtaksdato.